



Lanserer «Os selvvar – den levande båten»

I haustavisa vår kunne ein lesa om forfattar Kjell Magnus Økland sitt 12 år lange prosjekt med å leita fram historia om oselvaren. Det har resultert i 548 sider om den tradisjonelle klinkbygde trebåten, med boktittel «Os selvvar – den levande båten». I dag, torsdag, vert boka lansert med bokslepp

på Torget i Bergen og om bord i ferja Showtime.

– Planen er å laga til ei utstilling med ni båtar på Torget, som syner fram den store breidda i oselvarbruk, fortalde Økland til «Tysnes» tidlegare denne veka.

I helga vert det invitert til føredrag og båtutstilling på Osøyro

og Hordamuseet på Stend, og tysdag neste veke skal Økland halda multimedieføredrag ved Bergen Offentlige Bibliotek. Han vil presentera boka på Tysnes når komlelaget har samling i november.

Boka vert utgjeven av Skald forlag og er trykt i eit opplag på 3.000.



– Hovudtanken er at det ikkje skal vera institusjonsprega. Det opplever dei som plassen er laga for meir enn nok til vanleg

Psykisk helsearbeidar Elin Meland om det nye aktivitetssenteret i andre etasje i Triangel

LEIAREN

POLFERD I VÅGE

Polet er ein stor fordel for næringslivet me har på Tysnes. Det bidreg til å strupa noko av handelslekkasjen, sa polferkjemparane blant politikarane då saka om etablering av Vinmonopolutsal var oppe til drøfting i kommunestyret i julemøtet 2015.

Polet er ei bedrift som vil ha opp omsetjinga, treng me bidra til det? Lettare tilgang på alkohol går gjerne direkte til auka forbruk, og dei som slit med alkoholproblem kan få det endå vanskelegare, meinte dei folkevalde som sa nei til at Vinmonopolet skulle få utsal på Tysnes. I dag er polet på plass i Våge sentrum, og tysnesingar og tilreisande kan handla øl, vin og sterkare saker i det nye utsalet.

Mange kommunar, mange tettstader jobbar for å få eit polutsal. Etter kvart har Vinmonopolet opna ei rekkje mindre utsal, som gjer at også stader som Tysnes får dette tilbodet. I Sunnhordland er det no berre to polfrie kommunar, etter at vårt sentrum i dag får dette tilbodet. Fitjar og Sveio står utan, elles er det råd å gå på polferd i heile distriktet.

Våge sentrum er kystlandsbyen som får stadig fleire tilbod. Dette er enn så lenge ferjeplassen dei fleste reisande til

og frå Tysnes nyttar. Det er viktig å styrkja sentrum, både det i Våge og andre på Tysnes. Det å få polet på plass kan vera godt bidrag i så måte for kystlandsbyen.

Samstundes som det skjer mykje positivt her, er det stor frustrasjon hos lokalpolitikarane når det gjeld fylkesmannen sine mange motsegner til sentrumsplanen for Våge.

Fylkesmannen strupar utviklinga i tettstaden, meiner lokalpolitikarane. Som no ber om hjelp frå departementet for å løysa flokene med fylkesmannen. Det er synd om staten sin forlenga arm i Hordaland skal stoppa den positive utviklinga som skjer i denne delen av Tysnes.

Skal Våge veksa vidare, må det leggjast til rette for både bustader og næringsbygg. Det må vera betre at utviklinga skjer etter ein samla plan, enn at utviklinga skjer med stadige dispensasjonar. Difor håpar og trur me at Tysnes kommune når fram med sine synspunkt i saka å reguleringsplanen for Våge sentrum.

– I dag er polet på plass i Våge

Alsaker blant dei rikaste i Hordaland

Med ein formue på over 891 millionar kroner, ser det ut til at han har nok til salt i grauten også neste år.

Laksekongen Gerhard Meidell Alsaker er altså den niande rikaste i fylket ifølgje skatelistene, skriv NRK Hordaland. Tysnesingen busett på Onarheim har ikkje berre ein formue som kan verka svimlande på dei fleste, men også ei inntekt på 21.880.434 kroner.

Eineiegar

Alsaker er eineiegar av Alsaker Fjordbruk, som er ein av Noregs aller største på lakseoppdrett.

Lista over dei rikaste i Hordaland er ikkje overraskande toppa av næringslivsleiar Trond Mohn.

Mohn-familien på topp

Mohn har bygd opp formuen på skipsfart, og har gitt milliardgaver til ei rekke gode

føremål, mellom anna kreftforskning, idrett og kultur.

Han har ein formue på 9,845 milliardar kroner, og ei inntekt i fjor på 870 millionar. Bak Trond Mohn på lista følgjer sonen hans, Fredrik Wilhelm Mohn. Han har ein formue på 4,3 milliardar.

KRISTINE NÆSS THORSEN
kristine@tysnesbladet.no

Berre ei kvinne blant dei rikaste på Tysnes

1) Gerhard Meidell Alsaker (1962)
Inntekt: 21 880 434
Skatt: 13 629 632
Formue: 891 122 190

2) Einar Wathne (1961)
Inntekt: 4 599 435
Skatt: 2 137 992
Formue: 3 167 591

3) Knut Thorvald Hatteberg (1952)
Inntekt: 4 331 028
Skatt: 1 416 419
Formue: 12 277 594

4) Kenneth Røssland (1976)
Inntekt: 3 231 641
Skatt: 240 650
Formue: 2 333 320

5) Helge Mandius Nesse (1966)
Inntekt: 2 344 178
Skatt: 1 070 626
Formue: 7 018 862

6) Rolf Inge Jacobsen (1949)
Inntekt: 2 288 206
Skatt: 890 865
Formue: 3 143 229

7) Olav Petter Skjervheim (1947)
Inntekt: 2 248 870
Skatt: 980 362
Formue: 2 667 099

8) Torgeir Gjersvik (1964)
Inntekt: 2 215 630
Skatt: 987 034
Formue: 0

9) Berner Sæløen (1948)
Inntekt: 1 983 631
Skatt: 859 380
Formue: 4 623 927

10) Ove Bergstø (1977)
Inntekt: 1 946 251
Skatt: 296 482
Formue: 411 378

11) Nicolas Wilmot (1941)
Inntekt: 1 885 261
Skatt: 753 464
Formue: 3 779 741

12) Ronny Gundersen Holme (1976)
Inntekt: 1 769 841
Skatt: 614 469
Formue: 690 058

13) Rune Sundal (1975)
Inntekt: 1 685 832
Skatt: 546 557
Formue: 3 365 754

14) Trond Borg (1974)
Inntekt: 1 678 567
Skatt: 719 281
Formue: 1 916 242

15) Arild Teigland Gjerstad (1973)
Inntekt: 1 628 344
Skatt: 749 016
Formue: 6 328 697

16) Audun Magnussen (1957)
Inntekt: 1 607 067
Skatt: 702 652
Formue: 620 680

17) Ole Petter Hestad (1962)
Inntekt: 1 604 064
Skatt: 716 008
Formue: 0

18) Bjørn Inge Sætre (1957)
Inntekt: 1 479 812
Skatt: 647 754
Formue: 21 030 788

19) Ove Lien (1953)
Inntekt: 1 464 345
Skatt: 535 376
Formue: 10 300 772

20) Elin Lande (1946)
Inntekt: 1 452 278
Skatt: 378 026
Formue: 1 303 575

KRISTINE NÆSS THORSEN
kristine@tysnesbladet.no



Tysnes.

Bladet Tysnes AS,
Teiglandsvegen 5,
5680 Tysnes



ANSVARLEG REDAKTØR:
Ole Skaten
Dir. nr 53 50 25 12 Mob 970 29 220
ole@tysnesbladet.no



JOURNALIST OG FORR. FØRAR:
Morten Haaland
Dir. nr 53 50 25 15 Mob 970 23 126
morten@tysnesbladet.no



JOURNALIST:
Randi Kleppe
Dir. nr 53 50 25 18
randi@tysnesbladet.no



JOURNALIST:
Kristine Næss Thorsen
Dir. nr 53 50 25 14
kristine@tysnesbladet.no



GRAFIKAR/ANNONSAR:
Marita Bakke
Dir. nr 53 50 25 16
marita@tysnesbladet.no



ABONNEMENT (onsdagar):
Svanhild Hjørnevik
Dir. nr 53 50 09 79
redaksjonen@tysnesbladet.no



FOTOGRAF/JOURNALIST/
SENTRALBORD:
Camilla Korsnes
Dir. nr 53 50 25 10
camilla@tysnesbladet.no

TIPS OSS!